



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Vår dato
6.2. 2017
Deres dato
24.1.2017

Vår referanse
2015/182 461.5
Deres referanse

Sjøtroll Havbruk AS
Bekkjarvik
5397 Bekkjarvik

Løyve til sprenging/utdjupe i Hellandstraumen for Sjøtroll Havbruk AS

Fylkesmannen i Hordaland gjev Sjøtroll Havbruk AS løyve til å sprengne/utdjupe ca. 5 400 m³ faste massar i Hellandstraumen i Fitjar kommune. Føremålet med utdjupeinga er å auke seglingsdjupna for tilkomst til Kjerelva settefiskanlegg inst i Hellandsfjorden. Massane skal tas på land og nyttast på Kjerelva settefiskanlegg. Løyve er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad frå Multiconsult på vegne av Sjøtroll Havbruk AS datert 24. januar 2017 og tilleggsopplysningar i e-postar datert 25. og 26. januar 2017

Søknaden

For å betre seglingsforholda i Hellandstraumen i innseglinga til Kjerelva settefiskanlegg skal ei grunne på minus 5 meter sprengjast vekk for å oppnå ei seglingsdjupne på minus 8 meter. Det er anslått at det må fjernast 5 400 m³ faste massar frå eit areal på 2 000 m² sjøbotn. Sprenginga/utdjupeinga skal utførast frå sjø, med borerigg og grabb frå lekter. Massane som primært er sprengstein skal nyttast på området til Kjerelva settefiskanlegg i høve til vedteken reguleringsplan. Det er berekna at 5 400 m³ faste massar utgjør ca. 7 500 m³ anbrakte massar.

Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden februar – april 2017.

Sakshandsaming

Vedlagt søknaden var det uttale frå Fitjar kommune som planmynde og som mynde etter havne- og farvannslova, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum. Under sakshandsaminga blei det innhenta nye uttale frå Havforskningsinstituttet då vedlagte uttale ikkje var ein formell uttale og dermed også frå Fiskeridirektoratet.

Havforskningsinstituttet seier i uttale av 1. februar 2017 at dei generelt i gytefelt for torsk rår frå sprenging i gyte- og yngelperioden som dei definerer frå januar til april. Dei seier at i denne saka så vil det være akseptabelt med oppstart når toppen av gyttinga er over ca. medio mars føresatt at det nyttast avbøtande tiltak for å redusere trykkbølger frå sprenginga. Gytefeltets verdi er ikkje klarlagt av Havforskningsinstituttet, så det er ikkje klassifisert som A, B eller C felt.

Fiskeridirektoratet viser i uttale av 3. februar 2017 til Havforskningsinstituttet sin marinbiologisk ekspertvurdering. Fiskeridirektoratet meiner at nytten av at tiltakshavar kan nytta steinen på eigen eigedom framfor å dumpe steinen tilseier at sprengningsarbeidet kan starte i februar, føresetta at det vert nytta avbøtande tiltak for å redusere trykkbølger samt at faktiske trykkbølger vert målt ved gytefeltet. Er trykket for stort, så må det iverksetjast ytterlege avbøtande tiltak, som til dømes boblegardin.

Fitjar kommune, avdeling arealbruk seier i uttale av 21. januar 2016 at tiltaket ikkje treng eige løyve etter plan- og bygningslova. Dei skriv at bruk av massane på land kan utløyse krav om dispensasjon etter lova.

Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum seier i uttale av 28. november 2014 at dei ikkje har merknader til tiltaket etter kulturminnelova.

Fitjar kommune har i løyve av 8. juni 2016 gjeve løyve til tiltaket etter havne- og farvannslova.

Fylkesmannen si grunngjeving

All mudring/utdjupeing utført frå skip er forbode med mindre det er gjeve løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Fylkesmannen er mynde etter forskrifta og skal vurdere søknader etter Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sedimentar".

I dette tiltaket er det i hovudsak fast fjell som skal fjernast med undervasssprengning og takast på land. Det er ikkje teke prøvar av botn. Krav om sedimentundersøkingar kan utelatast, dersom det ikkje er kjende forureiningskjelder i nærleiken. Det er innhald av tungmetall og organiske miljøgifter i botnsedimenta som skal undersøkast. Typiske forureiningskjelder er skipsverft, industri og gamle avfallsdeponi med utslepp av miljøgifter. Etter Fylkesmannens vurdering er det ikkje kjende forureiningskjelder i nærleiken og Fylkesmannen meiner ut frå dette at det ikkje er grunn til å mistenke at sjøbotn som skal utdjupeast er forureina av miljøgifter.

Søk i databasen Artsdatabanken og Naturbase 31. januar 2017 viser at det ikkje er trua artar eller utvalde naturtypar nær tiltaksområdet som kan verte påverka av tiltaket.

Tiltaksområdet ligg ca. 1,2 km unna eit gytefelt for torsk kalla "Hjelmosen". Gytefeltet er avmerkt i Fiskeridirektoratets kartløyving. Fylkesmannen legg vekt på uttale frå Fiskeridirektoratet og set vilkår som pålegg tiltakshavar å redusere trykkbølger samt å måle trykkbølger ved gytefeltet. Fylkesmannen har sett til tilsvarende sak i indre Oslofjord i 2016, der Fylkesmannen i Oslo og Akershus gav løyve til Kystverket for undervasssprengning av skjær i nærleiken til gytefelt. I den faglege utgreiinga i Oslofjordsaka, utført av Multiconsult på vegne av entreprenør/Kystverket, vart det lagt til grunn at trykket i gyteområdet burde haldast under 10 kPa. Fylkesmannen legg til grunn same grense i dette løyvet.

Vi set vilkår om bruk av sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgjene ved sprenginga slik som tetting av borehull (fordemming) og eit hol tenning (kvart borehol sprengast for seg med forsinkelse til neste hol) samt avgrensing av maks ladning basert på berekingar av lydtrykk ved gytefeltet. Lydtrykket ved gytefeltet skal haldast under 10 kPa. Dei første sprengingane skal dokumenterast med målingar av lydtrykk ved gytefeltet basert eit måleprogram. Dersom det viser seg at sprengingane gjer skader på fisk i nærleiken av

tiltaksområdet, skal tiltakshavar vurdere behov for å sette av en liten ladning i vatnet kort tid før hovudladningen vert sprengd.

Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp.

Bruk av steinmassane på tomta til Sjøtroll Havbruk AS sitt settefiskanlegg i Kjerelva må klarerast med Fitjar kommune etter plan – og bygningslova.

Både forureinings situasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vert vurdert som tilstrekkelig, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Risikoklasse

Ut fra opplysningane gjeve i søknaden set Fylkesmannen tiltaket i risikoklasse 4. Risikoklassen er gradert fra 1 til 4, der 1 er høgast risiko.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Fylkesmannens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 6, 19 700 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjering

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Rett til å klage

De har fått løyve til mudring/utdjuving. Dersom det likevel skulle være noe de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Silje Tingstad
overingeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyvet med vilkår

Kopi med vedlegg:

Fitjar kommune
Fiskarlaget Vest
Fiskeridirektoratet
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Havforskningsinstituttet
Multiconsult



Fylkesmannen i
Hordaland

Løyve til utdjuピング/sprenging i Hellandstraumen i Fitjar kommune for Sjøtroll Havbruk avd. Fitjar

Fylkesmannen gjev Sjøtroll Havbruk avd Fitjar løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad datert 24. januar 2017. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende beskjed til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer	Risikoklasse
2017.0075.T	1222.0053.01	4

Bedriftsdata

Bedrift	Sjøtroll Havbruk avd Fitjar
Postadresse	Bekkjarvik, 5397 Bekkjarvik
Kommune og fylke	Fitjar, Hordaland
Org.nummer/ eigd av	990853231/92936833

Løyve gjeven: 6. februar 2017	
Silje Tingstad overingeniør	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i>	

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utdjuping/sprenging av inntil 5 400 m³ faste massar på fem meters djup over ca. 2 daa sjøbotn i Hellandstraumen i Fitjar kommune. Massane skal takast på land og nyttast på eigedomen til Kjerelva settefiskanlegg, eigd av Sjøtroll Havbruk, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 24. januar 2017 med mindre anna er avtalt med Fylkesmannen. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

Sjøtroll Havbruk avd Fitjar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørge for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

2.5 Kulturminner i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@sjofartsmuseum.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktiviteter som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemnda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemnda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemnda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemnda skal også, så snart som mogeleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle på fmhopostmottak@fylkesmannen.no

4. Sprenging/ utdjuping

Av omsyn til registrert gytefelt for torsk (Hjelmosen) skal det skal nyttast sprengingsteknikk som reduserer trykktrykk ved sprenginga ved grense gytefelt til < 10 kPa.



Vi set vilkår om bruk av sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgjene ved sprenginga slik som tetting av borehull (fordemming) og eit hol tenning (kvart borehol sprengast for seg med forsinkelse til neste hol) samt avgrensing av maks ladning basert på berekningar av lydtrykk ved gytefeltet. Lydtrykket ved gytefeltet skal haldast under 10 kPa. Dei første sprengingane skal dokumenterast med målingar av lydtrykk ved gytefeltet basert eit måleprogram.

Dersom det viser seg at sprengingane gjer skader på fisk i nærleiken av tiltaksområdet, skal tiltakshavar vurdere behov for å sette av en liten ladning i vatnet kort tid før hovudladningen vert sprengd.

Utdjuping/sprenging og opplasting av utsprengt stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innanfor det arealet som er vist i søknaden. Eventuelle skyteledning, plastavfall m.m. skal samlast opp.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.

5. Sluttrapport og tilsyn

5.1 Sluttrapport

Sjøtroll Havbruk avd Fitjar skal sende rapport til Fylkesmannen innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt mudra/utdjupa (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk
- Vurdering av tiltakets miljøpåverknad.
- Ein evaluering av sprengningsarbeidet ut frå tiltak for å redusere trykkbølgjer, målt lydtrykk samanlikna med berekna lydtrykk og ev. avbøtande tiltak og effekten av dei.

5.2 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget når som helst.